



Uskedalen skulemusikk må også skjerpa seg før Brodahl-besøket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I påska har dei to skulekorpsa som står bak prosjektet fått melding om at Brodahl-konserten (19. april i Rosendal og 20. april i Uskedalen) har kome gjennom eit trangt nålauge og fått status som DRØM-konsert.**

**Det gjev ikkje berre konserten eit kvalitetsstempel, men og ei økonomisk støtte på 7.500 kroner frå Norsk Tipping og Norges Musikkorps Forbund.**

Det er svært mange om beinet for å få DRØM-status på konsertar. To andre skulekorps og eitt vaksenkorps frå Hordaland var mellom dei utvalde med sine konsertprosjekt i denne omgangen.

Uskedalen Skulemusikk og Rosendal Skulemusikk er saman om denne storsatsinga. Frank Brodahl har arrangert nokre stykke og skal vera med som solist i omtrent halvparten av konsertprogrammet. Også Rosendal og Omland Jazzverk skal medverka på eitpar av låtane.

Musikken er storbandjazz lagt til rette for dei to skulekorpsa. Mange av stykka er krevjande å spela, men dei unge musikantane imponerer og utviklar seg stadig, blir det meldt frå øvingane. Dei fiksar dei vanskelege stemmene svært bra og alt verkar lovande.

Til helga skal det avviklast seminar over tre dagar og i tillegg til dirigenten får muskarane hjelp av seks dugande instruktørar som er leigt inn. Det blir altså mykje gruppeøving.

Av Ola Matti Mathisen